

Sak 2013/6687

KONKURRANSEGRUNNLAG
for
KONKURRANSE MED FORHANDLING
om
UNDERSØKING AV NYNORSK SOM HOVUDMÅL

Vedlegg 1: Avtaleutkast med bilag (Standardavtalen for forskning og utgreiing)

Innhold

1 OPPDRAGET	3
1.1 Oppdragsgjevar	3
1.2 Omfanget av oppdraget.....	3
1.3 Kontraktsreglar	3
1.5 Informasjon og kommunikasjon	3
1.6 Planlagt prosess for avgjerda av konkurransen	3
2 ALMINNELEGE REGLAR FOR GJENNOMFØRINGA AV KONKURRANSEN	4
2.1 Reglar for konkurransen.....	4
3 KVALIFIKASJONSKRAV	4
4 KRAVSPESIFIKASJON	4
4.1 Bakgrunn og formål for oppdraget.....	4
4.2 Krav til forskingsoppdraget.....	5
4.3 Krav til framdrift og rapportering	5
5 TILDELINGSKRITERIUM	6
6 KRAV TIL UTFORMING OG LEVERING AV TILBODET	7
6.1 Innlevering og tilbudsfrist.....	7
6.2 Vedståingsfrist.....	7
6.3 Atterhald	7
6.4 Endre og tilbakekalle tilbod.....	7
6.5 Utforminga av tilbodet	7
7 ATTERHALD VED AVGJERDA AV KONKURRANSEN	8

1 OPPDRAGET

1.1 Oppdragsgjevar

Utdanningsdirektoratet er ein etat for barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring under Kunnskapsdepartementet. Arbeidsfeltet vårt er breitt, og spenner frå læreplanar og elevvurdering til regelverk og tilsyn. Gjennom forskning og statistikk skal vi sørge for oppdatert kunnskap om tilstanden i det norske utdanningssystemet. For meir informasjon, sjå Utdanningsdirektoratets nettside: www.utdanningsdirektoratet.no

1.2 Omfanget av oppdraget

Oppdraget skal utførast i tidsrommet 20. januar – 20. juni 2014.

Total kostnadsramme inntil NOK 500 000 ekskl. mva.

Sjå også pkt 4. Kravspesifikasjon.

Utdanningsdirektoratet tek atterhald om politiske avgjerder som fører til endring i omfanget av oppdraget.

1.3 Kontraksreglar

Avtaleforholdet vil bli regulert gjennom Avtaleutkast med bilag som ligg som vedlegg til dette konkurransegrunnlaget. Eventuelle merknader til utkastet må leggjast inn i tilbodet, og det skal forhandlast med dei tilbydarane som blir kalla inn til forhandlingsmøte.

1.4 Kunngjering

Oppdraget er kunngjort i Doffin-basen 26. november 2013 via Mercell-portalen.

1.5 Informasjon og kommunikasjon

All kommunikasjon om oppdraget skal skje via Mercell-portalen: www.mercell.no under fanebladet Kommunikasjon. Eventuelle spørsmål frå tilbydarar om konkurransegrunnlaget eller anna vil bli loggført der. Dersom spørsmålet vedkjem andre tilbydarar som har meldt si interesse, vil oppdragsgjevaren svare på spørsmålet (anonymisert) som ein tilleggsinformasjon under faneblad Forespørsel>Tilleggsinformasjon. Spørsmål som kjem seinare enn 5 virkedagar før innleveringsfristen for tilbodet, vil ikkje få svar. Dersom tilbydaren treng rettleiing i bruk av Mercell-portalen, ta kontakt på e-post: support@mercell.com eller telefon: 21018860.

Oppdragsgjevaren sikrar seg retten til å gjere rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter innan rimeleg tid før tilbodsfristen. Slike endringar vil bli melde via Mercell-portalen og vere tilgjengelege for alle.

1.6 Planlagd prosess for avgjerda av konkurransen

Frist for å levere tilbod er sett til 20. desember 2013 innan kl. 12.00. Kvalifisering av tilbydarane vil skje umiddelbart. Etter planen skal forhandlingane om oppdraget skje i veke 2 i 2014, med innstilling og avgjerd i løpet av veke 3. Deretter blir alle tilbydarane informerte skriftleg om avgjerda, og det er ein klagefrist på 10 dagar. Forventa avtaleinngåing og oppstart for oppdraget er ca. 20. januar 2014.

2 ALMINNELEGE REGLAR FOR GJENNOMFØRINGA AV KONKURRANSEN

2.1 Reglar for konkurransen

Oppdraget er omfatta av Lov om offentlige anskaffelser av 16. juli 1999 nr 69 og forskrift om offentlige anskaffelser av 7. april 2006 nr 402.

Denne konkurransen følgjer del I og II i forskrifta i samsvar med prosedyren etter § 4-2d i forskrifta *Konkurranse med forhandling*. Det er ein prosedyre der oppdragsgjevaren har høve til å forhandle med ein eller fleire leverandørar.

3 KVALIFIKASJONSKRAV

Oppdragsgjevaren stiller følgjande kvalifikasjonskrav for deltaking i konkurransen:

Krav 1:

Attest for betalt skatt og meirverdiavgift

Attestar skrivne ut av den kompetente myndigheita i landet der tilbydaren høyrer heime, som stadfestar at tilbydaren har oppfylt sine plikter med omsyn til betaling av skattar og avgifter (førespurnad til kemnar/kommunekasserar for å få skjema RF-1244) i samsvar med lovreglane i landet. Attestane må ikkje vere eldre enn 6 månader.

Krav 2:

HMS-eigenerklæring signert av dagleg leiar og representant for dei tilsette.

Generelt om krava:

Dersom tilbydaren har gyldige grunnar til ikkje å kunne leggje fram den dokumentasjonen som oppdragsgjevaren har bedt om, kan han/ho leggje fram andre dokument som oppdragsgjevaren kan akseptere. Dersom tilbydaren har ein slik gyldig grunn, skal han/ho ta kontakt med oppdragsgjevaren for å få klarlagt kva for annan dokumentasjon som kan akseptast.

Dersom desse dokumenta ikkje kan skaffast innan utløpet av tilbudsfristen, ev. etter ein kort tilleggsfrist, vil tilbodet bli avvist.

Tilbydarane må vidare vere budde på at oppdragsgjevaren kan be om tilleggsdokumentasjon på krava.

4 KRAVSPESIFIKASJON

4.1 Bakgrunn og formål for oppdraget

Bakgrunnen for oppdraget er at Kunnskapsdepartementet oppretta ei ressursgruppe for nynorsk som hovudmål våren 2012. Gruppa vart oppretta med bakgrunn i kunnskap om at mange elevar byter målform frå nynorsk til bokmål undervegs i opplæringa.

Utdanningsdirektoratet har no fått oppdragsbrev 28-13 frå Kunnskapsdepartementet, som ber direktoratet om å setje i verk ei undersøking av to forhold:

1. Korleis ulike lærarinstitusjonar dokumenterer og sikrar at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål. Undersøkinga skal omfatte alle relevante lærarutdanningar og tilbod innanfor etter- og vidareutdanning.

Aktuelle problemstillinger for denne delen er:

- Korleis sikrar lærarutdanningsinstitusjonane at studentane får kompetanse i begge målformene?
- Korleis dokumenterer lærarutdanningsinstitusjonane studentane sin kompetanse i begge målformene?

2. Kva rolle dei ulike aktørane spelar for val av målform, og årsaker til at elevane byter hovudmål. Undersøkinga skal omfatte skuleeigarar, skuleleiarar, elevar og foreldre/føresette i område¹ der mange elevar byter hovudmål frå nynorsk til bokmål i løpet av opplæringa.

Aktuelle problemstillinger for denne delen er:

- Kva rolle spelar skuleeigar og skuleleiar for elevane sitt val av målform og målbyte?
- Kva seier elevane og foreldra deira om årsaker til byte av hovudmål (karakterar, undervisinga, læremidla etc.)?

Relevante bakgrunnsdokument og aktuelle lenkjer for oppdraget:

- Rapport frå ressursgruppa for nynorsk som hovudmål: sjå vedlegg.
- Rapportane frå prosjektet [Målstreken](#)

Oppdragsgjevaren kan skaffe fleire relevante bakgrunnsdokument når Oppdragstakaren er vald.

4.2 Krav til forskingsoppdraget

Vi ser primært for oss ei kvalitativ tilnærming i begge undersøkingane, men overlét til tilbydarane å foreslå metodebruk.

Ved eventuell bruk av spørjeundersøkingar til skular, kommunar og fylke skal utvalet av målgrupper og omfanget av spørjeskjemaet ikkje føre til unødige belastningar for sektoren. Forskingsmiljøet pliktar derfor å skaffe seg kunnskap om eksisterande datakjelder/register på aktuelle område. Eventuelle spørjeskjema skal alltid prøvast ut før ordinær gjennomføring.

4.3 Krav til framdrift og rapportering

Oppdraget skal setjast i gang straks etter at kontrakten er signert. Oppdragstakaren skal delta i eller bidra til informasjonsarbeid etter nærare avtale med Oppdragsgjevaren.

¹ Det er størst tendens til målbyte for ungdom på ungdomstrinn og på vidaregåande skular i det som blir kalla «randsonene» for nynorsk, dvs. Valdres, Hallingdal, Gudbrandsdalen (øvre del), Setesdalen. Dessutan i omlandet rundt byane Stavanger og Sandnes (Jæren – Ryfylke) og Bergen (grannekommunane på alle kantar). Det er størst press på å byte frå nynorsk til bokmål som hovudmål der ungdom kjem frå skular i utkantane med nynorsk opplæringsmål til ungdomsskular og/eller vg-skular i næraste by/tettstad der bokmålet dominerer; rundt Stavanger, Sandnes, Bergen, Kristiansand (Setesdal) og Fagernes.

- Utkast til sluttrapport skal sendast innan 12. mai 2014
- Endeleg sluttrapport skal sendast innan 28. mai 2014
- Oppdragsperioden varer til 20. juni 2014

Oppdragstakaren skal kunne leggje fram forskingsresultat inntil to gonger i oppdragsperioden dersom oppdragsgjevaren spør om det.

5 TILDELINGSKRITERIUM

Tildeling av oppdrag blir gjort på bakgrunn av **ei samla vurdering av det økonomisk mest fordelaktige tilbodet**, vurdert på grunnlag av følgjande kriterium i prioritert rekkjefølge:

1. Relevansen av tilbodet i høve til definerte problemstillingar og perspektiv, jf. Kravspesifikasjon
2. Fagleg og forskingsmetodisk kompetanse som blir tilbydd. CV for nøkkelpersonar i prosjektet og personlege referansar frå tidlegare oppdrag.
3. Prosjektteamet si gjennomføringsevne og leveringssikkerheit
4. Prosjektet sin relasjon til anna relevant forskning på området
5. Budsjett/pris

Utdjuping av kriteria:

1. Tilbodet sin relevans i høve til definerte problemstillingar og perspektiv

Prosjektbeskrivinga må på ein oversiktleg måte vise bruken av metodar, korleis ein skal finne fram til svar på problemstillingane, og korleis perspektiva som er omhandla i kravspesifikasjonen, skal belysast. Dersom det er problemstillingar eller perspektiv som tilbydaren meiner er problematiske, eller som manglar i kravspesifikasjonen, må dette presiserast og utdjupast i prosjektbeskrivinga.

2. Fagleg og forskingsmetodisk kompetanse som blir tilbydd i høve til dei problemstillingane og perspektiva som skal belysast

Prosjektbeskrivinga må gjere greie for forskaren sin kompetanse og utnyttinga av denne kompetansen i dei ulike delane av oppdraget. Vi ber også om at tilbydaren spesifiserer kva roller dei ulike personane skal ha, og omtrent kor stor prosentdel prosjektleiaren og den enkelte forskaren er tiltenkt i arbeidet. Tilbydaren må føre opp CV og **personlege** referansar (namn og telefonnummer) for prosjektleiaren og dei mest sentrale prosjektmedarbeidarane, knytte til deltaking i tidlegare oppdrag.

3. Prosjektteamet si gjennomføringsevne og leveringssikkerheit

Tilbodet må innehalde ein tydeleg framdriftsplan for heile prosjektperioden, som viser dei viktigaste milepælane og progresjonen i prosjektet. Tilbodet må også vise kva for interne rutinar tilbydaren har, eller har tenkt å etablere, for å kvalitetssikre dette konkrete prosjektet undervegs og til slutt.

4. Prosjektet sin relasjon til anna relevant forskning på området

Tilbydaren må vise om, og eventuelt korleis, funn frå anna relevant forskning på området kan styrkje dette prosjektet.

5. Budsjett/pris

Tilbydaren må utvikle eit spesifisert budsjett for oppdraget. Budsjettet må vise timepris for forskarane og korleis dei totale kostnadene fordeler seg. Prisane skal først opp **både med og utan** meirverdiavgift. Fakturering og ekspedisjonsgebyr skal ikkje bereknast. Prisen skal inkludere alle utgifter til reise mellom oppdragsgjevaren og oppdragstakaren.

6 KRAV TIL UTFORMING OG LEVERING AV TILBODET

6.1 Innlevering og tilbodsfrist

Alle tilbud skal leverast elektronisk via Mercell-portalen; www.mercell.no innan tilbodsfristen. For seint innkomne tilbud blir avviste. Tilbudet skal ha elektronisk signatur på tilbods brevet. Elektronisk signatur kan skaffast på www.commfides.com eller www.buypass.no eller www.bankid.no.

Frist for innlevering av tilbud er 20. desember 2013 kl. 12.00.

6.2 Vedståingsfrist

Tilbydaren er bunden av tilbudet i **2 månader** etter tilbodsfristen.

6.3 Atterhald

Atterhald må presiserast og gå klart fram i tilbods brevet. Atterhalda skal vere presise og eintydige slik at oppdragsgjevaren kan vurdere dei utan kontakt med tilbydaren.

6.4 Endre og tilbakekalle tilbud

Eit tilbud kan endrast inntil utløpet av tilbodsfristen ved å gå inn i Mercell-portalen, opne eige tilbud, gjere endringar og levere på nytt. Det sist leverte tilbudet blir rekna som det endelege. Tilbakekalling av tilbud skal også gjerast via Mercell-portalen.

6.5 Utforminga av tilbudet

Tilbudet må organiserast på følgjande måte:

1. Tilbods brev. Brevet skal vere datert og signert av ein representant for institusjonen. Eventuelle atterhald eller merknader til avtaleutkastet skal stå her. Tilbydaren skal føre opp eventuelle konsekvensar om atterhalda ikkje blir tekne til følge.
2. Innhald med sidetal.
3. Pris/budsjett. Totalprisen for heile perioden skal vise både ekskl. mva og inkl. mva. Budsjettet skal omfatte alle komponentar som inngår i totalkostnaden, og setjast opp i tabellformat.
4. Framdriftsplan. Planen skal vise alle sentrale prosessar og milepælar, og setjast opp i tabellformat.
5. Kvalitetssikring. Beskriving av rutinar for kvalitetssikring av dette konkrete oppdraget.

6. Kompetanse og arbeidsdeling. Beskriving av korleis kompetansen til prosjektmedarbeidarane vil bli utnytta på dei ulike delane av oppdraget, og korleis arbeidsoppgåvene skal fordelast i teamet. Omfanget av deltaking frå kvar enkelt medarbeidar skal også førast opp i ca. prosent.
7. Prosjektbeskriving. Beskrivinga skal gjere greie for teoretisk og metodisk tilnærming til oppdraget og korleis ein planlegg å få svar på hovudproblemstillingane.
8. Personlege referansar. For prosjektleiaren og dei mest sentrale prosjektmedarbeidarane skal det førast opp minimum to personlege referansar med kontaktinformasjon.
9. Eventuelle vedlegg.

7 ATTERHALD VED AVGJERDA AV KONKURRANSEN

Oppdragsgjevaren krev retten til å kunne avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn.

Oppdragsgjevaren kan forkaste alle tilboda dersom resultatet av konkurransen gjev sakleg grunn for det.